



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 09.03.2017
Tid: 13:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Medlem	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Rasmus Kirkhorn	Medlem	SP

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann i Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal
Sirikit Vågen	HTV Utdanningsforbundet Volda
Oddbjørg Yksnøy Rangsæter	HTV Fagforbundet Volda
Norunn Helene Holmøy-Wang	HTV Delta Hornindal

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 5/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 6/17	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte
PS 7/17	Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal
PS 8/17	Møteplan
PS 9/17	Oppnemning av organisasjonsutval
PS 10/17	Oppnemning av temakomite for nytt kommunenavn og heraldikk
PS 11/17	Orienteringssaker
OS 3/17	Demokratiprosjektet - referat frå møte i Styringsgruppa 27.02.17

PS 5/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Dokument utdelt i møtet

Hornindal kommune. Oppnemning av temakomite – Heraldikk namn, datert 08.03.2017.

Hornindal kommune. Oppnemning av organisasjonsutval – politisk organisering, datert 08.03.2017.

Volda kommune. Melding om politisk vedtak – Oppnemning av temakomitear – mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner, datert 06.03.2017.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Rådmann Rune Sjurgard ynskjer å orientere om tilsetting av kommunikasjonsrådgjevar i Volda kommune.

Orienteringar:

Kommunikasjonsrådgivar

Rådmann Rune Sjurgard informerte om at Joakim Rødven er tilsett som kommunikasjonsrådgivar i Volda kommune, han vil tiltre i stillinga 8. mai.

Nettverkssamling for nye kommunar

Avslutningsvis i møtet informerte ordførar Stig Olav Lødemel om nettverkssamling for nye kommunar, som vert arrangert i Ålesund 14.-15. mars. Nettverkssamlinga er i regi av KS og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Mellombels fellesnemnd er invitert til å delta på samlinga.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå rådmann Rune Sjurgard, vart samrøystes godkjent.

PS 6/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Handsaming:

Eldar Englund kom med følgjande merknad til protokollen i sak PS 2/17, under handsaming B:

Rett sitat i protokollen skal vere:

..... saksframstillingar skal leggast med i sakene (ikkje *bør* slik det står i protokollen).

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 11.01.2017, , med merknad frå Eldar Englund, vart samrøystes godkjent.

PS 7/17 Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal

Administrasjonen si tilråding:

"Førebels fellesnemnd" sluttar seg til framlegget til prosjektplan slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegga til denne saka.

Planen vert å revidere/fylle ut i takt med at samanslåingsprosjektet skrid fram.

Handsaming:

Mellombels fellesnemnd gjekk gjennom prosjektplanen og kom med merkander og innspel til revisjon av prosjektplanen.

Mellombels fellesnemnda samtykka at innspela som kom fram i møtet, vert innarbeidd i seinare revisjon av prosjektplanen.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med merkander og innspel frå mellombels fellesnemnd, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017:

"Førebels fellesnemnd" sluttar seg til framlegget til prosjektplan slik det går fram av saksutgreiinga og vedlegga til denne saka.

Mellombels fellesnemnda samtykka at innspela som kom fram i møtet, vert innarbeidd i seinare revisjon av prosjektplanen.

Planen vert å revidere/fylle ut i takt med at samanslåingsprosjektet skrid fram.

PS 8/17 Møteplan

Administrasjonen si tilråding:

Førerebels fellesnemnd sluttar seg til framlegget til møteplan slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaming:

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

..... med slik endring:

Kommunestyra held eigne møte etter felles kommunestyremøte 1. juni/same dag for å gjere vedtak etter inndelingslova § 25 og 26.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med endring frå Jørgen Amdam, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017:

Førerebels fellesnemnd sluttar seg til framlegget til møteplan slik det går fram av saksutgreiinga, med slik endring: Kommunestyra held eigne møte etter felles kommunestyremøte 1. juni/same dag for å gjere vedtak etter inndelingslova § 25 og 26.

PS 9/17 Oppnemning av organisasjonsutval

Administrasjonen si tilråding:

1. *Førerebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i organisasjonsutval for den nye kommunen:*
2. *Utvalet skal gå gjennom:*
 - a. *Politisk organisering*
 - b. *Reglement for kommunestyret, formannskap, og andre politiske utval/råd*
 - c. *Delegeringsreglement*
3. *Framlegg til ny politisk organisering skal leggast fram for fellesnemnda innan 1. juni 2018.*
4. *Førerebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei involvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.*

5. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

Handsaming:

Kommunestyrevedtak PS 21/17 frå Volda kommune og PS 005/17 frå Hornindal kommune vart delt ut i møtet.

Kommunestyrevedtak Volda kommune 02.03.2017, PS 21/17:

Organisasjonsutval frå Volda kommune:

Jørgen Amdam, Rebecca Riise Bjerknes og Arild Iversen.

Vara:

1. *Dan Helge Bjørneset*
2. *Hild Våge.*

Kommunestyrevedtak Hornindal kommune 02.03.2017, PS 005/17:

Organisasjonsutval frå Hornindal kommune:

Eldar Engelund Sp

Per Maurset Ap

Stig Olav Lødemel H

Vara:

1. *Brynhild Lund Notøy V*
2. *Bente Tryggestad Sp*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Jørgen Amdam som leiar.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, kommunestyra og framlegget frå Odd A. Folkestad, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017:

1. *Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i organisasjonsutval for den nye kommunen:*

Jørgen Amdam som leiar, Rebecca Riise Bjerknes og Arild Iversen.

Vara:

1. *Dan Helge Bjørneset*
2. *Hild Våge.*

Eldar Engelund Sp, Per Maurset Ap og Stig Olav Lødemel H.

Vara:

1. *Brynhild Lund Notøy V*
2. *Bente Tryggestad Sp*

- 2. Utvalet skal gå gjennom:**
 - a. *Politisk organisering*
 - b. *Reglement for kommunestyret, formannskap, og andre politiske utval/råd*
 - c. *Delegeringsreglement*
- 3. Framlegg til ny politisk organisering skal leggast fram for fellesnemnda innan 1. juni 2018.**
- 4. Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei involvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.**
- 5. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.**

PS 10/17 Oppnemning av temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil:**

Leiar:

Medlemmar:

2. *Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenamn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.*
3. *Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 15. oktober 2017.*
- 4. Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei innvolvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.**
- 5. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.**

Handsaming:

Kommunestyrevedtak PS 21/17 frå Volda kommune og PS 006/17 frå Hornindal kommune vart delt ut i møtet.

Kommunestyrevedtak Volda kommune 02.03.2017, PS 21/17:

Leiar Jon Tvinnereim.

Heraldikk/namn – frå Volda kommune:

Kari Hasle og Odd A. Folkestad.

Kommunestyrevedtak Hornindal kommune 02.03.2017, PS 006/17:

1. *Rolf Taraldset*
2. *Siv Madeleine Kristensen*

Jørgen Amdam kom med framlegg om Jon Tvinnereim som leiar.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, kommunestyra og framlegget frå Jørgen Amdam, vart samrøytes vedteken.

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017

- 1. Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil:**

Leiar: Jon Tvinnereim.

Medlemmar: Kari Hasle, Odd A. Folkestad, Rolf Taraldset og Siv Madeleine Kristensen

- 2. Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenamn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.**
- 3. Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 15. oktober 2017.**
- 4. Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei innvolvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.**
- 5. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.**

PS 11/17 Orienteringssaker

OS 3/17 Demokratiprosjektet - referat frå møte i Styringsgruppa 27.02.17

Møtet slutt kl. 14:45

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
09.03.2017

Sonja Håvik
konsulent